

Rimestad i fokus under allsongen

26.07.2014



Kristian Olav Bringedal, Reidar Myklebust og Svein Rimestad leier allsongen i ettermiddag

Den allsidige veteranær på Korsnes - Svein Rimestad - har gjort ein verdfull innsats med både skriving, omsetjing og' omdikting av songar og heilt fortent var han i fokus under ein heil avdeling under allsongen ved sjøkanten i dag.

At det møtte 50 i det varme veret var eit prov på at dette har vorte ein sikker tradisjon som bør koma att neste år.

Kristian Olav Bringedal og Reidar Myklebust har her teke eit verdfullt initiativ og dei har eit rikt materiale å ausa av.

Den siste avdelinga i dag slutta med ein ynskjekonsert som hadde samla stor oppslutnad. Ein bidragsytar hadde til dømes sendt inn 200 bidrag. Det vart plass til 5 songar og særleg ein er det grunn til å setta strek under. Det er ein song med ukjent fofattar som vart sunge både illegalt under krigen og i frigjeringsrusen. Trygve Haugland hadde for sin del sunge han mange gongar.

Ellers var det rett og rimeleg at 100-åringen Alf Prøysen var representert og opna programmet. Han kunne gjerne hatt større plass, i likhet med tryslingen Einar Skjæråsen som også hadde ein song med.

Rimestad-bolken hadde fleire perler, men vi likte sæleg Fråhaldsvisa som var amerikansk-inspirert og var tett fylt av ironi. Bordverset a la Margrethe Munthe er vel i lengste laget til å inngå som nyt vanleg bordvers. Men Rimestad bør berømmast også for 200-årssongen omsett til uklanderleg nynorsk. og Athenry-songen. Held Svein fram slik bør han få ein pris for gode nynorske omsettingar, kanskje snart på høgde med Hartvig Kiran!

Også denne gongen var Hans Gustav Musland en meget dyktig akkompagnatør på trekspillet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Svein Rimestad fortener snart ein pris!